

A painting of an interior room. In the foreground, a round wooden table with a candelabra on top stands on a wooden floor. A green upholstered chair is positioned next to the table. In the background, a long wooden bench is visible against a light-colored wall. The overall style is soft and painterly.

# DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

8. klasse 26. og 27. april

9. klasse 3. og 4. mai

2023

Gjesdal kommune

på Hå gamle prestegard

*TIDSVITNE!*



# Den Kulturelle Skolesekken

## Lokale produksjoner 2022 - 2023

8. og 9. trinn:

Institusjonsbesøk - visuell kunst m.m.

### Innhold og praktiske opplysninger:

En dag fylt av ulike kunst- og kulturinntrykk, samt vandring i naturen. Ta med: **Gode sko og varme klær etter vær, sitteunderlag, mat og drikke.**

Elevene deles i to antallsjevne grupper på forhånd. Elevansvar = lærere/andre voksne fra skolene - Fagansvar = Hå gamle prestegard



09.15 **Fellessamling** på P-plass Hå gamle prestegard

09.30 **Gruppe 1** går til Obrestad fyr, ca 30 min hver veg. Omvisning på Obrestad fyr.

09.30 **Gruppe 2** får omvisning på Hå gamle prestegard. Denne gruppen må igjen deles i to:

**Gruppe 2A:** omvisning i kunstutstilling.

**Gruppe 2B:** kulturhistorisk omvisning - 10.15 bytter 2A og 2B.

11.00 **Felles matpause** i tunet på prestegarden. Det kan benyttes griller i tunet, grillkull må da medbringes. Om det regner kan en sitte inne i kafeen. **Husk å RYDDE!**

11.45 **Gruppe 2** går til Obrestad fyr

**Gruppe 1** får omvisning på Hå gamle prestegard. Inndeles jmf gruppe 2 tidligere.

13.30 **Bussene går fra P-plass Hå gamle prestegard for hjemreise**

Skole:	Antall	Dato:	Buss fra skolen:	Retur fra P-plass på Hå:
<b>GUS</b> Dirdal og Oltedal 8A og 8C fra GUS	86 elever	26. april	<b>08.30</b>	13.30
<b>GUS</b> Ålgård 8B, 8D, 8E og 8F fra GUS	105 elever	27. april	<b>08.30</b>	13.30
<b>9. KLASSE</b> 9A, 9B GUS+Dirdal+Oltedal	77	3. mai	<b>08.30</b>	13.30
<b>9. klasse</b> 9C, 9D, 9E, 9F	96	4. mai	<b>08.30</b>	13.30

Kommunekontakt i Gjesdal: Gry Idland <Gry.Idland@gjesdal.kommune.no>

Kontakt Hå gamle prestegard: Elisabeth Søyland, 51 79 16 60,  
[Elisabeth.Soyland@ha.kommune.no](mailto:Elisabeth.Soyland@ha.kommune.no)

Kontakt Tide buss: Margareth Holmen, 47314119, [Margareth.Holmen@tide.no](mailto:Margareth.Holmen@tide.no)

#### Tidsplan for dagen:

09.15-09.30	Velkommen og info på HGP. Deles inn i 2 grupper. Halvparten blir på Hå gamle prestegard mens halvparten går tur til Obrestad fyr
09.30-10.10	Gruppa på HGP deles igjen inn i 2 grupper. 1. gruppe Utstilling / 2. gruppe Historisk
10.10- 10.20	Pause og bytte grupper
10.20-11.00	2. gruppe Utstilling / 1. gruppe Historisk
09.15-11.00	Gruppe til Obrestad fyr og tilbake til HGP.
11.00-11.45	<b>Felles matpause</b>
	<b>Gruppa som gikk til fyret blir på HGP og motsatt.</b>
11.45-12.25	1. gruppe Utstilling / 2. gruppe Historisk.
12.25-12.35	Pause og bytte grupper
12.35-13.15	2. gruppe Utstilling / 1. gruppe Historisk
11.45-13.20	Gruppe til Obrestad fyr og tilbake til HGP
13.30	Takk for i dag og heimreise frå Hå gamle prestegard

#### Praktisk info:

- Skolene må ordne med transport selv.
  - Skolene har med egen mat. Er det godt vær fyrer vi opp grillene ute. Er det ruskevær, ta med mat for å spise inne.
  - Dersom det er elever som ikke kan gå turen til fyret ordnar skolene transport sjelv.
- Ta på varme klær og gode sko! Regntøy dersom det regner. Den ene delen av dagen er å gå tur ute i naturen.**

## Om Hå gamle prestegard og Obrestad fyr

**Kulturhistoriske avdeling:** Hå gamle prestegard var embetsmannsbosted, prestegard, administrasjons- og kultursenter allerede for flere hundre år siden. Nå er det en kunst- og kulturinstitusjon i et tradisjonsrikt og vernet anlegg. Området rundt prestegarden er rikt på kulturminner. Her er spor fra mennesker som kan gå så langt tilbake som 16.000 år tilbake i tid. I området er det funn fra steinalder og tydelige spor fra bronse- og jernalder, samt vikingtid. Prestegarden er fra 1637. Det eldste huset som står i dag er fra 1785. [www.hagamleprestegard.no/](http://www.hagamleprestegard.no/)

**Obrestad fyr:** Fyret er fra 1873. Hå kommune kjøpte fyret av Kystverket i 2006 for å formidle kulturvernverdiene på anlegget og viser hvordan fyr kan nyttes i nye sammenhenger. Fyrbygningen står slik den var da fyret ble automatisert i 1990 og fyrvokterne flyttet. Faste utstillinger viser hvordan det var å arbeide og bo på fyret. [www.hagamleprestegard.no/obrestad-fyr/](http://www.hagamleprestegard.no/obrestad-fyr/)

Hvert år blir kunstnere utfordret til å vise kunstprosjekt både inne og ute. I 2023 er fyret 150 år. Sommeren 2023 vises den egenprodusert kulturhistoriske utstillingen: FYRDIRIKS - DEN TEIKNANDE FYRDIREKTØREN



## KUNSTUTSTILLING

Roald Sivertsen

*TIDSVITNE*

maleri

Roald Sivertsen har utstilling i stallen på Hå gamle prestegard og tek sjølv elevane med inn i si eiga utstilling.

Sivertsen arbeider med figurativt maleri og saman med elevane legg han til rette for fri tolking av motiva.

I maleria tek Roald Sivertsen utgangspunkt i observasjonar frå kvardagen, med innslag av iscenesetting av objekt, rom og menneske.

Ofte er alle personane borte frå motivet. Me ser eit lys som brenn eller ein kopp på eit bord. Men menneska er ikkje til stades.

Kvar er dei? Kva har skjedd i forkant? Kva er me vitne til?

Sivertsen tek elevane med inn i sitt univers og snakkar om kva kunst er og kva kunst kan nyttast til. Han får med elevane inn i samtale om korleis ein kan «lese» og forstå kunst. Han syner til eigne arbeid og reflekterer over korleis lyssetting kan endre stemninga i eit rom og kanskje få oss til å kjenne på ulike følelsar. Og korleis er det mogleg å male eit fråvær?

Roald Sivertsen er fødd i 1981 i Stavanger, men bur og arbeider no i Oslo. Han er utdanna frå The Florence Academy of Art i Italia, som er ein klassisk figurativ maleskule.



## MØT VISTE-GUTTEN SOM KJEM FRÅ STEINALDAREN

Viste-gutten budde i Vistehåla på Randaberg for 8400 år sia. Nå kan du møta han i utstillinga SPOR på Hå gamle prestegard, akkurat slik han såg ut då han levde. Liknar han på oss som lever her i dag?

Jæren er ein av dei fyrste stadane det er funne spor etter menneske i Norge. Skjelettet av Viste-gutten som blei funne i Vistehåla er det eldste og best bevarte skjelettet som er funne her i landet. Men på Jæren er det spor etter folk som kan vera så gamle som 16 000 år. Kor kom dei fyrste menneska frå?

I utstillinga får du og sjå ekte funn frå steinalderen som er 9000 år gamle. Du kan óg sjå korleis klima har endra landskapet, og kor mykje høgare eller lågare havnivået har vore gjennom tidene etter som temperaturen på jorda har endra seg. Kva var årsaka til klimaendringane før vår tid då dei ikkje hadde bilar eller olje? Kvifor smelta isen som dekkja heile Skandinavia for 12000 år sidan?

Til slutt går me ut på strandgravfeltet frå folkevandringstida som var i bruk frå om lag åra 200 til 800 e.Kr. Her har folk fått gravene sine under steinar heilt ned til stranda. Det er funne ulike gjenstandar i gravene. Kvifor fekk dei med seg desse gjenstandane? Kva slags type gjenstandar var det i gravene på Hå? Kven er det som ligg gravlagt her? Kvifor har gravene forskjellig form og storleik? Kva kan gravene frå fortida fortelja oss? Etter 550 e.Kr. er det få funn. Kvifor?



## TUR TIL OBRESTAD FYR.

Kvifor ligg prestegarden så langt vekk frå hovudvegen? Gjekk kanskje veggen ein annan stad då presten budde her?

Me går tur til Obrestad fyr der veggen gjekk før og som nå heiter Kongevegen. Dette var hovudvegen mellom Danmark og Norge på 16- og 1700 talet. Denne veggen brukte danskekongen då han kom til Norge på den tida.

Obrestad fyr blei bygd i 1873. Kvifor bygde dei fyr? Kven var det som bygde fyret? Lyste fyrlykta kvar natt, eller var det berre av og til? Har du høyrte om «Studen på Obrest»? Har du vore i ei fyrlykt før? Er det mogleg å sjå til England?

Fram til 1991 budde det fleire familiar på Obrestad fyr. Korleis var det å bu på eit fyr? Kvifor budde dei der? Kva gjorde dei på om dagen?

Under 2. verdskrig, frå 1940 til 1945, var Obrestad fyr okkupert av tyskarane. Kvifor ville dei ha kontroll over fyret? Kor mange var dei her? Kva skjedde med dei som budde på fyret då tyskarane kom? Kan du finna spor etter tyskarane i fyret og i området utanfor fyret?

Det er meteorologiske målingar på Obrestad fyr òg i dag, som det har vore i 100 år. Korleis kan dei måla kva vêr det blir? Kvifor målar dei vêret på eit fyr?



Velkomne!

HÅGAML  
EPREST  
EGARD